



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Skjøtselsplan for slåttemark i Marka i Farsund

Revidert skjøtselsplan for utvald naturtype

NIBIO RAPPORT | VOL. 9 | NR. 94 | 2023



Elin Blütecher (NIBIO), Ellen Svalheim (NIBIO) og Oddvar Pedersen (UiO)

Divisjon for matproduksjon og samfunn, avdeling for kulturlandskap og biomangfold, Landvik

TITTEL/TITLE

Skjøtselsplan for slåttemark i Marka i Farsund. Revidert skjøtselsplan for utvald naturtype

FORFATTAR(A)/AUTHOR(S)

Elin Blütecher, Ellen Svalheim og Oddvar Pedersen

| | | | | |
|-------------------|-------------------------------------|---------------------------------------|--|-----------------------------|
| DATO/DATE: | RAPPORT NR./ REPORT NO.: | TILGANG/AVAILABILITY: | PROSJEKTNR./PROJECT NO.: | SAKSNR./ARCHIVE NO.: |
| 20.06.2023 | 9/94/2023 | Open | 53010 | 22/00960 |
| ISBN: | ISSN: | ANTAL SIDER/ NO. OF PAGES: | ANTAL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES: | |
| 978-82-17-03326-4 | 2464-1162 | 40 | 4 | |

OPPDRAKSGJEVAR/EMPLOYER:

Farsund kommune

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Aud Irene Vatland

STIKKORD/KEYWORDS:

Slåttemark, skjøtselsplan

Hay meadows, management plan

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Biomangfold og kulturlandskap

Biodiversity and cultural landscape

SAMANDRAG/SUMMARY:

Naturtypen artsrik slåttemark er sterkt truga ifølge «norsk rødliste for naturtyper», og var i 2011 utvald naturtype (UN) med eit visst vern gjennom naturmangfaldlova.

I 2022 fekk NIBIO ved Ellen Svalheim førespurnad frå Farsund kommune om revidering av deler av skjøtselsplanen frå 2007 for eit område på 45 daa i Marka i Farsund. Slåttemarka ligg innanfor tidlegare Marka skyte og øvingsfelt og består av dei to eigedomane gbnr 29/29 og 29/25. Feltarbeid vart gjennomført i august 2022. Tidlegare er det gjort fleire registreringar av vegetasjonen innanfor skjøtselsplanområdet der slåttemarka er gitt verdi B-viktig (ID BN00037471). Ein liten flik av ei større kystlynghei i nord finst og innanfor området med tidlegare samla verdi A-svært viktig (ID 00070187).

Denne skjøtselsplanen gir restaurerings- og skjøtselsplanråd for ivaretaking av dei kulturavhengige naturtypane.

Skjøtselsplanen er utarbeid i samarbeid med grunneigarane Jan Helge Samuelsen og Terje Erslund som driv skjøtsel av slåttemarka.

LAND/COUNTRY:

Norge

FYLKE/COUNTY:

Agder

KOMMUNE/MUNICIPALITY:

Farsund

STAD/LOKALITET:

Marka

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

GODKJEND /APPROVED

Anders Nielsen

PROSJEKLEIAR /PROJECT LEADER

Ellen Svalheim



Føreord

Revidert skjøtselsplan for tradisjonell slåttemark i Marka i Farsund kommune er utført på oppdrag frå Farsund kommune. Skjøtselsplanen gjev fagleg funderte tilrådingar for restaurering og skjøtsel av den trua naturtypen slåttemark, og er i samsvar med handlingsplanen for «Utvald naturtype slåttemark». Den baserer seg på synfaring i felt og samtale med grunneigar/brukar.

Rapporten er delt inn to hovuddelar. Fyrste del gjev ei kort skildring av naturtypen slåttemark på Vestlandet. Den andre delen er retta mot den som skal utføre skjøtsel og forvaltning, og omhandlar naturgrunnlaget og dagens drift i området, samt ei skildring av konkrete restaurerings- og skjøtselstiltak.

Som vedlegg finst også ei skildring av dei verdifulle naturtypene som inngår i drifta, og genererer i hovudsak informasjon retta inn mot forvaltninga, inkludert søkbare eigenskapar for området i Miljødirektoratet sin Naturbase.

Til skjøtselsplanen fylgjer også eit rettleiingshefte om slåttemark utarbeidd av Miljødirektoratet, samt «Bondens kulturmarksflora for Sørlandet» utarbeidd av Bolette Bele, Ellen Svalheim og Ann Norderhaug.

Vi takkar grunneigare og oppdragsgjevar for oppdraget

10.06.2023 Landvik

Elin Blütecher

Innhald

| | |
|--|----|
| Føreord | 4 |
| 1 Slåttemark på Sørlandet | 6 |
| 2 Skjøtselsplan for slåttemarka i Marka | 8 |
| 2.1 Innleiing | 9 |
| 2.2 Omsyn og prioriteringar | 11 |
| 2.3 Tradisjonell og noverande drift | 12 |
| 2.4 Aktuelle erfaringar med skjøtselen | 12 |
| 2.5 Artsmangfald og eventuelle observerte endringar | 14 |
| 2.6 Evaluering/vurdering av skjøtselen | 17 |
| 2.7 Mål for verdifull slåttemark | 17 |
| 2.8 Restaureringstiltak (eingongstiltak eller tiltak som vert gjennomførte i ein avgrensa periode) | 18 |
| 2.8.1 Slått | 18 |
| 2.8.2 Beiting | 19 |
| 2.8.3 Andre aktuelle skjøtselstiltak | 19 |
| 2.9 Oppfølging av skjøtselsplanen | 19 |
| 2.10 Bilete frå lokaliteten | 20 |
| Litteraturreferanse | 24 |
| Vedlegg | 25 |
| Lokalitetsbeskrivelser naturbase | 25 |
| Artsliste | 30 |
| Tiltakslogg, grunneigar sine notatar | 36 |
| Overvaking, logg | 38 |

1 Slåttemark på Sørlandet

Tradisjonelle slåttemarker er naturenger i inn- og utmark med ville plantearter, som har vorte slått for å skaffe vinterfôr til husdyra. Slåttemarkene vart gjerne slått seint i sesongen, etter bløming og frøsetjing hjå dei fleste planteartane. Dei er ofte overflatelydda for stein, men har i mindre grad vore oppdyrka og sådd til i seinare tid, og er ikkje- eller i liten grad gjødsla. Slåttemarkene har tradisjonelt vore haustbeita og kanskje også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vorte skjøtta varierer likevel frå stad til stad.

Slåttemarkene er ofte urterike (blomerike) og omtalast gjerne som «blomeenger». Dei husar også ofte eit stort mangfald av insekt.

Artssamansetjinga i slåttemarkene på Agder varierer med bl.a. avstanden til kysten, høgde over havet og jordsmonn. Etter fukttilhøva i marka, kan det skiljast mellom tørreng, friskeng og fukteng.

Indre Agder har mange magre enger på grunnlendt mark og fattig grunnfjellsberggrunn. Med god hevd kan likevel fattig mark opptre relativt arts- og fargerik.

Tørrengene i skogsbygdene og dalstroka på Agder er dei tradisjonelle «blomeengene» med ryllik, blåklukke, gulaks, engkvein, prestekrage, smalkjempe, engfiol, firkantperikum, tiriltunge, legeveronika, stemorsblom og øyentrøst, og meir spreidd med kattedot og engnellik. På meir næringsrik mark veks flekkgrisøyre, engtjøreblom og prikkperikum. På tørr mark i kyststroka veks i tillegg kystgrisøyre, bergmynte, rundskolm, gulmaure og blåmunke.



Bilete 1: T.v.; Tørr til frisk eng frå Landsverk i Gjerstad med prestekrage, blåklukke, engtjøreblom, føllblom, smalkjempe, kvitkløver, småsyre, tveskjeggveronika, engkvein, gulaks m.fl. T.h. tørreng frå Kjevik ved Kristiansand med mykje prikkperikum og blåmunke bl.a. Begge foto ES.

I fattig *friskeng* (litt fuktigare eng) finst på Agder gjerne finnskjegg, blåtopp, jonsokkoll, småengkall, bakkefrytle, ryllik, blåklukke, raudknapp, blåknapp, prestekrage, karve, gjeldkarve, engsyre, kvitkløver, tepperot, føllblom, engsoleie, øyentrøst, stormaure, tveskjeggveronika og lækjeveronika. Spreidd kan også mindre vanlege artar som nattfiol, harerug, kvitkurle og solblom dukke opp. Kvitkurle og solblom står på den norske raudlista for artar (2015).

Agder, og spesielt øvre Setesdal, er eit kjerneområde for solblom i Norge. På frisk mark med rikare berggrunn eller på mark som tilførast rikt sigevatn, kan det i tillegg vekse artar som raudsveve, skogstorkenebb, systemarihand, brudespore, marinøkkel og storblåfjør. Ved kysten kan ein finne kystmaure, marigras og jordnøtt (Vest-Agder), og i fjellet veks kvitkurle, grønkurle, svarttopp, fjellbakkestjerne og snøsøte i slik kulturmark. Fleire av desse er trua artar i Noreg i dag.



Bilete 2: Plantar ein kan finne i slåttemarkene på Agder; f.v. raudknapp, harerug, tiriltunge og engnellik. Engnellik er relativt sjeldan å finne. Alle foto ES.

I dei fuktigaste områda veks gjerne artar som: kvitbladtistel, enghumleblom, krypsoleie og hanekam.



Bilete 3: Fuktig slåttemark med mykje hanekam og duskstorr på Sandøya i Tvedestrand. Foto ES.

Mange gamle slåttemarkar vert i dag brukt til beite eller er grodd att. «Tradisjonelle» slåttemarkar har difor vortne svært sjeldne og det er spesielt viktig at attverande slåttemarkar vert haldne i hevd. Generelle restaurerings- og skjøtselstiltak er omtala i rettleingsheftet, og konkrete råd for skjøtsel av din lokalitet skildrast i denne skjøtelsesplanen. Nærmare omtale av ulike planteartar frå engene på Agder finst i *Bondens kulturmarksflora for Sørlandet* (Bele, Svalheim & Norderhaug 2011). Mykje av denne teksten om slåttemark på Sørlandet er henta frå den.

2 Skjøtselsplan for slåttemarka i Marka


| | | | |
|---|--------------|--|--|
| GRUNNEIGAR: Jan Helge Samuelsen eig gbnr 29/29 og Terje Ersland eig gbnr 29/25 | | TILTAKSHAVAR (ANSVAR SKJØTSEL): Jan Helge Samuelsen og Terje Ersland | LOKALITETSVERDI I NATURBASE¹: I 2004: gbnr 29/29 – A verdi I 2023: Gbnr 29/29 – Svært høg kvalitet (A verdi) I 2004: Gbnr 29/25 (del av kystlynghei) – A-verdi I 2023: Gbnr 29/29 (slåttemark) – lokalt viktig (C verdi) |
| DATO FOR UTARBEIDING AV 1.SKJØTSELSPLAN: 31.08.2007 | | DATO SYN FARING (1.SKJ.PL.): 2007 | |
| DATO REVIDERING: 05.05.2023 | | DATO SYN FARING (REVIDERING): 25.08.2022 | |
| KONTAKT MED GRUNNEIGER/BRUKAR (TELEFON, SYN FARING, E-POST MM): Våren 2022 var Ellen Svalheim i kontakt med kommune og grunneigarar i forhold til skjøtselsråd for området. Det blei gjevne råd om sviing, rydding og søknad. Oddvar Pedersen kartla område 15 juni og 5 juli 2022. Den 25.08.22 synsfarte og kartla Oddvar Pedersen og Ellen Svalheim og Elin Blütecher, NIBIO vegetasjonen i skjøtselsplanområdet. Grunneigarane Jan Helge Samuelsen og Terje Ersland var med i felt og bidrog med nyttig informasjon før og etter sjølve kartlegginga. Dei var og med på delar av sjølve kartlegginga der ein diskuterte aktuelle tiltak for å best mogleg ta vare på mangfaldet. I både forkant og etterkant av synfaringa har det vore kontakt med grunneigarane og jordbrukssjef Aud Irene Vatland i kommunen på epost og telefon. Januar 2022 har det vore kontakt i forbindelse med søknad om midlar på ordninga «Trua naturtyper» kor grunneigar søkte midlar til skjøtsesltiltak. | | | |
| 1.SKJØTSELSPLAN UTFORMA AV : Ellen Svalheim og Oddvar Pedersen, Bioforsk og NHM | | | FIRMA: |
| REVIDERT UTGÅVE UTFORMA AV : Elin Blütecher, Ellen Svalheim, NIBIO og Oddvar Pedersen | | | Sjå framanfor |
| UTM SONE LOKALITET(AR): | NORD: | AUST: | GNR./BNR.: |
| UTM 32 | 6439167 | 360433 | Sjå framanfor |
| NOVERENDE AREAL PÅ SKJØTSELSPLAN-/NATURBASE LOKALITET: 32 daa slåttemark, grensar til kystlynghei på 168 daa. Av område i nord er det 2,7 daa av | | DEL AV VERNEOMRÅDE: | DEL AV UTVALD KULTURLANDSKAP: |
| | | Nei | Nei |

¹ Verdisetjinga er definert etter «DN Håndbok 13» (Direktoratet for naturforvaltning 2007), og faktaark for slåttemark, utforma av Ellen Svalheim (Svalheim 2014).


| | | |
|--|----------------------------------|--|
| <p>eigedomen som ligg innanfor den store lokaliteten av kystlynghei på 168 daa</p> <p>AREAL (ETTER EV. RESTAURERING): Etter re-registrering i 2022 blei det teikna ny avgrensing kor del av kystlyngheia blei innlemma i slåttemarka. Arealet er difor utvida til 45 daa.</p> | <p>TYPE VERN: Nei</p> | |
|--|----------------------------------|--|

2.1 Innleiing


Slåttemarka i Marka (ID BN00037471) med verdi A – lokalitet, ligg på Lista i Farsund innanfor tidlegare Marka skyte- og øvingsfelt omtrent ei mil frå Farsund by. Heile området ved Marka er bygd opp av den mektige endemorena frå Lista- trinnet som blei avsett delvis i og over havet for omkring 14.000 år sidan. Marka området kan delast i to med ei strandsone og eit indre område som er flatane ovanfor brinken. Området for denne skjøtselsplanen ligg på flata ovanfor strandsona og omfattast av eigedom gbnr 29/29 og gbnr 29/25. Eit område med kystlynghei strekker seg noko inn i eigedomane i nord, mens eit område med naturtypen sand – og grusstrand grenser mot område i sør.



Figur 1: Slåttemarka i Marka avgrensa i gult med rødt merke ligg sørvest for Lista i Farsund kommune.



Figur 2: Utsnitt av avgrensning av slåttemarka BN00037471 frå naturbase etter kartlegging av Forsvarsbygg 2004.



Figur 3: Utsnitt av skjøtelsesplanområdet i 2007. Kartet er utarbeid av fylkesmannen i Vest Agder.



Figur 4: Kart frå revidert skjøtselsplan 25.08.2022. Gårdskart.no

2.2 Omsyn og prioriteringar

Området har historie som tradisjonelt jordbrukslandskap. Områda til teigane på Marka blei nytta som beitemark med unntak av allemannshagane som blei fulldyrka. Det er lite opplysningar om teigane på Marka men ein antar at området blei fulldyrka etter eit stort grøfteprosjekt i 1930 åra. (Svalheim og Pedersen 2007).

Under tidelgare artsregistreringar og skjøtselsplanarbeidet i 2007 er det gjort funn av klokkesøte, noko som tyder på at området kan ha blitt nytta til naturbeitemark. Under synfaringa 25. august fortalte også grunneigarar at det hadde vore sauehold på eigedomane før militære tok over i 1965.

I 2022 blei eigedomane ved Marka ført tilbake frå forsvaret til grunneigarane i området.

Fleire eigedomar har blitt pløgd opp og sådd til på nytt men grunneigarane til eigedomane innanfor skjøtselsområdet ønskjer å ta vare på og skjøtte slåttemarka.

Under gjentatte kartleggingar mai-august i 2022 har område, sjå figur 4, blitt gjennomgått med tanke på artsmangfald og skjøtsel. Under synfaringa 25.08 var dei fleste blomar avblomstra, men Oddvar Pedersen hadde vore og registrert vegetasjonen gjentatte gonger gjennom sommaren noko som gir gode artsregistreringar for denne rapporten.

Dei siste åra har grunneigarane lagt ned ein stor innsats med å skjøtte og restaurere slåttemarka. Prosessen med å tilbakeføring av eigedomar til grunneigarane starta i 2016, men blei fyrst gjennomført fullstendig i 2022.

Området i nord for vegen (C-verdi) i figur 4 blei svidd i 2022, då var det 70 år sidan sist (Samuelson pers meld 2022). Deler av dette området ligg registrert som kystlynghei. Under synfaringa i august så

vi at denne vesle fliken av den tidlegare store kystlyngheilokaliteten heller meir mot slåttemark enn kystlynghei. Med restaureringslått og riktig skjøtsel har dette område potensial for høgare verdi i framtida.

Sør for vegen, innanfor området rundt hovudbunkers (område med A- verdi i figur 4) har grunneigarane slått med liten traktor samt nytta venderive til å samle saman høyet. Bruk av venderive er positivt då den mekaniske handsaminga fører både til at frø lett fell ut av høyet og samstundes får god jordkontakt. Slåttetidspunktet er vanlegvis frå starten av august. Høyet blir lagt i ranker, samla saman og køyrd vekk og brukt som fôr til lokale husdyr.

Området inneheld mykje stein, og grunneigarane legg ned ein stor jobb årleg til rydding. Eigarane har også nytta beitepussar for å fjerne tuer. Frø frå beitepussar kan samlast og spreies ut der det er behov. Nyslått høy med mykje modent frø kan leggest på stader kor ein ønskjer å auke mangfaldet.

Lista og området rundt Marka får årleg mykje besøk av turistar, og ein ser at det kan vere behov for å lede gåande på ein sti slik at ikkje slåttemarka blir tråkka ned. Det kan også vere fint å få til ein informasjonstavle om slåttemarka og vegetasjonen i området.

2.3 Tradisjonell og noverande drift

Slåttemarka blei før militær tid nytta som naturbeitemark og i tiden etter krigen blei ein sørleg flik innanfor skjøtelsområdet dyrka innanfor allemannshagane (Svalheim og Pedersen 2007). Heile området har vore nytta til militær verksemd frå 1940 og fram til nyleg i 2022.

Innanfor skjøtelsområdet er det tydelege spor etter forsvarsverksemda med krater etter sprenging og bombenedslag eller liknande. Mykje av Lista området med store flater er fulldyrka intensivt nytta areal, men området rundt Marka skil seg ut grunna den militære aktiviteten sidan 1940. Det finnes difor fleire kulturavhengige arter igjen i Marka, som elles har blitt borte andre stader på Lista grunna effektivisering (Svalheim og Pedersen 2007).


Slåttemarka vert i dag skjøtta med årleg rydding, slått og beite.

2.4 Aktuelle erfaringar med skjøtselen

Innanfor område rundt hovudbunkers blei det i skjøtelsplanen frå 2007 anbefalt at området skulle bli slått slik at ein får slåtteng. Bakgrunnen den gong var dei mange sjeldne artene innanfor området som elles er i tilbakegang i kulturlandskapet på Lista. Det blei i 2007 påpekt at slåtten måtte gjennomførast seint slik at bakkesøta hadde fått anledning til å sette frø.


Samuelson og Ersland fekk tilbakeført sine eigedomar for bruk i 2022 og starta opp med skjøtsel same år.

Det blei ikkje gjort funn av bakkesøte innanfor skjøtelsplanområdet i 2022, men med riktig skjøtsel kan ein håpe å få arten tilbake i slåttemarka. Tidlegare funn av bakkesøte framgår av figur 5 under.



Figur 5: Funn av bakkesøte fra 1991 – 2020. Figur av Oddvar Pedersen 2022.

Populasjonar av nattfiolar innanfor skjøtselområdet er bra også for 2022, og vil med ytterlegare skjøtsel truleg auke. Funn frå tidlegare plott og frå 2022 er vist i figur 6.



Figur 6: Funn av nattfiol frå tidlegare observasjonar og i 2022. Figur av Oddvar Pedersen 2022.

2.5 Artsmangfald og eventuelle observerte endringer

Som nemnt tidlegare i planen skil området ved Marka seg ut vegetasjonsmessig og er siste rest av det tradisjonelle jordbrukslandskapet på Lista. Det er spesielt tørrengene rundt hovudbunkersen som skil seg ut med eit stort mangfald, som dominerast av lågt voksande gras og urter. Kraterhola etter krigen og militær drift skil seg også ut med stor artsdiversitet. Vegetasjonen i område er kartlagt av Oddvar Pedersen i 1991 i samband med reguleringsplanarbeid (Pedersen 1992), og i 2005 -2006 ved registrering av biomangfald i kulturlandskapet og kartlegging av rødlista karplanter (Pedersen 2004). Rune Solvang og Arne Heggland gjorde kartleggingar i området i 2003 (Forsvarsbygg 2003). Under arbeidet med førre skjøtselsplan frå 2007 blei det gjort supplerande kartlegging av vegetasjonen (Svalheim og Pedersen 2007). Artslista i vedlegg 2 inneheld registreringar frå 1991 og fram til 2022.

Slåttemarka i Marka blei vurdert til verdi viktig i 2004 jf. vedlegg 1. Den gong blei det peika på områdets innhald av sjeldne rødlisteartar som bakkesøte, klokkesøte og dverglin. Kystlyngheia i nord har frå 2003 ein verdi som svært viktig, først og fremst grunna den store førekomsten av rødlistearten klokkesøte.

Under synfaringa i august blei begge områda undersøkt. Området i eigedom gbnr 29/29 og 29/25 som tidlegare har vore registrert som ein flik av kystlyngheilokaliteten ID 00070187 bar lite preg av denne naturtypen no. Grunneigarane viste til at det kunne vere ønskeleg å slå området, og at det difor var meir naturleg at området blei ein samanhengande slåttemark saman med område rundt hovudbunkersen.

Arter og vegetasjon kartlagt i 2022:

Under kartleggingane i 2022 blei det totalt innanfor skjøtselsplanområde registrera 25 tyngdepunktartar for seminaturleg eng og 6 skilleartar for ugjødsla eng. Følgande tyngdepunktarter for seminaturleg eng er registrert i 2022:

Dvergsmyle, engfiol, gjeldkarve, gulaks, flatrapp, gulmaure, hanekam, hårsveve, knegrass, markfrytle, nattfiol, grov nattfiol, prestekrage, rundbelg, smalkjempe, dunkjempe, blåklokke, marinøkkel, kjerteløyentrøst, hvitmaure, prikkperikum, storblåfjær, småengkall, engknoppurt og svartknoppurt. Av skillearter som går ut ved gjødsling ble det funnet: Blåknapp, finnskjegg, fløyelsemarikåpe, kornstarr, sauesvingel og tiriltunge. Av fremmande arter blei det registrera vill gulrot (Lo), hvitfrytle (PO) og problemlantane rynkerose og høymole.

Område avgrensa i denne skjøtselsplanen er på 45 daa og består av to område, eit med restaureringsareal med C- verdi i nord og slåttemarka med A- verdi rundt hovudbunkersen. Vi fekk god hjelp av Jan Helge Samuelsen og Terje Ersland under synfaringa i august med å sjå på dei ulike områda.



**Figur 7: Mange ville markblomster veks i gamle kratere frå militær drift i Marka.
Foto: Elin Blütecher 2022.**

Område A ved hovudbunkers

Området er kartlagt til vegetasjonstype: T32-C -4 intermediær eng med klart hevdpreg i de fuktige områdene, mens på tørrare parti ved hovudbunkers er kartlagt til T32-C14 intermediær tørreng med klart hevd, eller svakt preg av gjødsling. I forhold til DN handbok 13 får området ein A – svært viktig verdi.

Området har et stort artsmangfold og ein jamn fordeling over heile området. I tillegg til artane nemnt ovanfor er det også registrert kystgrisøre og bakkestemor. Frå tidelgare er det gjort funn av bakkesøte (2020), dverglin NT (2011), hjartegras, NT (2010), kattefot (2007), villtimotei (2007), treet villeple (2007) og liten kystfrøstjerne VU (1991). Det er også gjort eit funn av kystsandarve (EN) tilbake i 1954. Ved skjøtsel med årleg beite og slått kan ein håpe at fleire truga og rødlistearter vil kome tilbake.



Figur 8: Hovudbunkers og slåttemarka rundt etter slått. Foto: Elin Blütecher 2022.

Område i nord (tidlegare kystlynghei)

Området er kartlagt til vegetasjonstype: T32-C -4 intermediær eng med klart hevdpreg. Området ligg innanfor ein større naturtype av kystlynghei og vi fann typiske arter for kystlynghei som røsslyng, klokkelyng, blåbær og blokkebær. Men samtidig blei det funnet fleire engarter som: Blåklokke, tiriltunge, nattfiol, engsoleie, fuglevikke, smalkjempe, småengkall, engknoppurt, rødkløver, kvitkløver og ryllik. Grunna området størrelse og innslag av tyngdepunktartar samt skjøtsel med årleg slått og beite blei naturtypen satt til T32 – C -4. Etter DN – handbok 13 får området en C- verdi (lokalt viktig) då det bær preg av gjengroing og må restaurerast med slått og beite for høgare verdi.

2.6 Evaluering/vurdering av skjøtselen

| OPPSUMMERANDE VURDERING | I HØG GRAD | I MIDDELS GRAD | I LITEN GRAD |
|--|------------|----------------|--------------|
| Har skjøtselen vore tilfredsstillande for å oppnå måla, jf skjøtselsplanen som no er under revisjon? | X | | |
| Bør skjøtselen endras for neste skjøtselsplanperiode (neste 5 år)? | | | X |
| Er det realistisk at lokaliteten vert halden i hevd dei neste 5 åra? | X | | |

Grunngjeving:

Grunneigarane Jan Helge Samuelsen og Terje Ersland er positive til å fortsette skjøtsel av skjøtselsområdet med rydding og restaureringsslått i nord, og rydding og årleg slått av slåttemarka rundt hovudbunkersen. Dei vil og kunne ordne med etterbeite utpå seinsommaren etter slått. Kontinuerleg skjøtsel i åra framover kan gjere at fleire sjeldne arter aukar i førekomst og at til dømes bakkesøta kjem tilbake i slåttemarka.

For neste handlingsplanperiode bør områda skjøttast som beskrive over. Område med slåttemark må ikkje gjødslast og slått må gjennomførast etter blomstring.

2.7 Mål for verdifull slåttemark

HOVUDMÅL FOR LOKALITETAN(E):

Mål ved Skjøtselsplan i 2010:

Hovudmål for lokaliteten skal vere å ivareta og forbetre tilstanden til slåttenga slik at det store innslaget av blomsterplanter og karakterartar, slik arts fordelinga av desse held seg men også forbetrar seg med innsal av fleire rødlista artar.

Konkrete delmål:

- Skjøtselstiltak: Fortsette med sein slått av område A og B, dvs etter at dei fleste blomstrane er avblomstra og har fått satt frø, ofte etter 1.august. God raking med høyvendar og høyet skal fjernast etter slått.
- Restaureringstiltak: Eventuelle tuer/stubbar og stein bør fjernast der det er nødvendig for å lette slått.

2.8 Restaureringstiltak (eingongstiltak eller tiltak som vert gjennomførte i ein avgrensa periode)

| RESTAURERINGSTILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.) | PRIORITERING (ÅR) | AREAL/ (DEL)OMRÅDE | TIDSRUM (MND/VEKE) |
|--|-------------------|--------------------|--------------------|
| Restaurerings slått av område i nord med C- kvalitet gjennomførast i to år. Denne slått er meir arbeidskrevjande sidan det framleis er mye grov vegetasjon i området og inneber: Rydding/slått med gjenstående daugras, grov lyng og kratt, rydding av oppstikkande stein. | 2023 -2024 | Innan lokalitet | |
| Sving av område blei gjennomført våren 2022 | 2023 | Innan lokalitet | |

2.8.1 Slått

| SLÅTTTILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.) | PRIORITERING (ÅR) | AREAL/ (DEL)OMRÅDE | TIDSRUM (MND/VEKE) |
|--|-------------------|--------------------|--------------------|
| Slått område rundt hovudbunkers (A) | Årleg | Innan lokalitet | Etter 1. august |
| Slått område i nord (C) | Årleg | Innan lokalitet | Etter 1.august |
| Graset tørkast på staden. Høyet rakast saman, transporterast vekk frå slåttemarka. | Årleg | Innan lokalitet | |
| Slått av småengkall dersom arten tek heilt over og blir fullstendig dominerande er det lurt å vurdere å slå arten før blomstring/frøsetting for å redusere arten. Frøa har kort levetid, så den vil gå raskt tilbake | Dei fyrste åra | Innan lokalitet | |
| | | | |

Generelt gjeld følgande for skjøtselsslått (for forklaring sjå rettleiingsheftet):

- Slått bør skje etter bløming og frøsetjing av dei fleste artane, som regel ikkje før i siste halvdel av juli. Slåttetidspunktet vil variere frå år til år ut frå variasjonar i veret og vekstsesongen. Følg derfor med på bløming og frøsetjing!
- Graset bør turkast på marka 2-3 dagar før det vert fjerna frå området.
- Områda kan slåast med liten lett traktor med slåmaskin, tohjulsslåmaskin eller ljå, avhengig av hellinga. Kantklippar med nylontråd kan og nyttast på mindre areal der det er vanskeleg å kome til med maskiner.
- Unngå bruk av kunstgjødsel.

2.8.2 Beiting

| BEITETILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.) | PRIORITERING (ÅR) | AREAL/ (DEL)OMRÅDE | TIDSRUM (MND/VEKE) |
|--|-------------------|--------------------|--------------------------------|
| Fortsette med beite etter slått på ettersommaren/hausten . Det vil vere viktig at ikkje beitetrykket blir for stort. Viss det er mange dyr bør dei beite kun i ei begrensa periode. | Årleg | Innan lokalitet | Etter slått-seinsomm ar/ haust |

Generelt gjeld følgande for beiting i slåttemark (for forklaring sjå rettleingsheftet):

- Beiting er positivt for slåttemarka, og har vore tradisjon mange stadar.
- Haustbeiting hindrar opphoping av daudgras (som gjev grøngjødsling) og gjer spiringa neste vår lettare.
- Beiting fører til trakkspor som frøplanter kan spire i.
- Dersom arealet vert vårbeita, blir slåttan seinare (då bløming/frøsetjing kjem seinare i gang)
- Unngå tilleggsfôring inne på slåttemarka.
- Set alltid dyrevelferd og førtilgang i høgsetet.
- Tunge storferasar bør ikkje beite på slåttemark (grunna tråkkskader).
- Slåttemark med rik vårblooming bør ikkje beitast, til dømes tidlegblømande orkidéar og marinøkklar.
- Beit gjerne nærliggjande skog, hagemark eller naturbeitemark i samanheng med slåttemarka. Dette vil gje utveksling av frø og genar mellom ulike areal.
- Isådde, fulldyrka kulturenger bør ikkje beitast saman med slåttemarka. Dette for å hindre spreieing av uønska artar inn i slåttemarka.

2.8.3 Andre aktuelle skjøtselstiltak

| TILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.) | PRIORITERING (ÅR) | AREAL/ (DEL)OMRÅDE | TIDSRUM (MND/VEKE) |
|---|----------------------|--------------------|--------------------|
| Sette opp infotavle ved hovudbunkersen og kanalisere besøkande slik at det ikkje blir for mykje ferdsel over heile slåttemarka. NIBIO kan vere til hjelp for utarbeiding av infotavle mot betaling. | 2023 og åra framover | Innan lokalitet | |
| Gå over området rundt hovudbunkersen med Sams høstemaskin for å samle frø for vidare frøspreieing innanfor området. Helst bør det samlast frø ved 2 (-3) gjentatte gonger gjennom vekstsesongen frå juli til slutten av august. | 2023-2024 | Innan område A | |

2.9 Oppfølging av skjøtselplanen

| |
|--|
| NESTE REVIDERING/EVALUERING ÅR: 2028 |
| GIENNOMFØRTE ELLER PÅBYRJA TILTAK SOM ER FINANSIERTE DEI SISTE 5 ÅRA: Midlar til skjøtsel av område i 2022 |
| PERSON(-AR) SOM HAR ANSVAR FOR Å GIENNOMFØRE TILTAKA I SKJØTSELPLANEN: Grunneigarane Jan Helge Samuelsen og Terje Ersland |

2.10 Bilete frå lokaliteten



Figur 9: Eit felt med bl.a. mye småengkall. Foto: Elin Blütecher 2022.



Figur 10: Område i nord. Foto: Elin Blütecher 2022.



Figur 11: Blåknappeng med foruten blåknapp; smalkjempe, småengkall, ryllik. Foto: Ellen Svalheim 2022.



Figur 11: Felt med mykje sløke, like nord for vegen i område nord. Foto: Elin Blütecher 2022.



Figur 12: Feltet med tidlegare lynghei. Foto: Ellen Svalheim 2022



Figur 13: Hovudbunkers sett frå område i nord og vegetasjon i nord. Foto: Elin Blütecher 2022.

Litteraturreferanse

